

Kva er synd?

Preike for allesammengudsteneste 19.04.202 Fyllingsdalen metodistkyrkje.

Målet mitt i dag er å gjere ordet 'synd' litt mindre skummelt og litt meir forståeleg.

Synd (– skuld) – syndig - skyldig – dømt.

Min skyld, din skyld.

1.Joh 3,4: Kvar den som gjer synd, gjer opprør mot lova, ja, synd er opprør mot lova.

Synd handlar om ein rettssak mellom deg og Gud, og det handlar om at Gud har bestemt ein del lovar og reglar som han har gitt til alle menneskjer. Du kan merke det i samvittigheita di, og dess meir du blir kjend med Gud, dess betre veit du kva som er rett og kva som ikkje er rett. Det er ikkje alle ting som er vanlege for andre å gjere, som er greitt for Gud. For eksempel er det mange som bannar eller brukar namnet til Gud utan å meine det, og dette er noko som Gud lærar oss etter kvart at ikkje er greitt.

Denne rettssaka mellom deg og Gud skjer kvar dag, heile tida. Og i kvar sak er spørsmålet om du er skuldig eller ikkje. Har du dårleg samvittigheit, så har du kanskje gjort noko du ikkje burde, og då har du synda. I dei ti bod står det også kva Gud vil me skal gjere, og han har gjentatt det då han sa at me skulle Elska Han og Elska din neste. Det er desse tre tinga me bruka for å finne ut om me har synda eller ikkje. Samvitet, dei ti bod og kjærleiken til Gud og dei rundt oss.

Hugsar du historia om den første rettssaka mellom Gud og menneska?

Gud hadde skapte dei første menneska og gav dei lov til å bestemme sjølv kva dei ville velje å gjere. Hugsar du også at dei berre hadde éin regel? Dei fekk lov til å ete av alt mogleg, men det var berre eitt tre dei ikkje fekk lov å ete av.

Bibelen forteller (i 1. Mos 2,15-17) at: Så tok Herren mennesket og sette det i Edens hage til å dyrke og passa han. Og Herren Gud gav mennesket dette bodet: «Du må gjerne eta av alle trea i hagen. Men av treet til kunnskap om godt og vondt må du ikkje eta. For den dagen du et av det, skal du døy.»

Så, Gud har sakt ifrå at å ete frå treet ikkje var greitt. Det var dødsstraff for å ete av det faktisk. Likevel vel menneska å gjere det dei ikkje har fått lov til. Dei bryt lova. Dei er skuldige, skyldige, syndige.

Her må eg stoppe litt, for har du nokon gong tenkt at dei var forferdeleg dumme som hørde på slangen og gjor sånn som Gud hadde sakt dei ikkje skulle?

Det har eg tenkt på. Tenk om me som lev i dag hadde fått lov til å leve i den hagen og berre hatt det fint? Men så har eg tenkt på meg sjølv. Kor mange gongar har eg gjort det Gud ikkje vil eg skal gjere. Når eg ikkje hører på Mammo og ikkje går og legg meg, når eg seier noko stygt om nokon andre, når

eg lyg til læraren min at eg har gjort leksene og so har eg ikkje det, eller då eg dytta den andre spelaren på laget med vilje fordi den var plagsam.

Dersom eg hadde spurd alle dei vaksne her inne, så trur eg kanskje dei måtte ha svart at dei i alle fall éin gong hadde gjort noko dei ikkje har lov til. Og om eg hadde spurt barna og ungdommane, lurar eg på om de kanskje kan kjenna deko igjen...

Det er faktisk sånn at alle menneske syndar, at me er skuldige, og me er ikkje betre enn Adam og Eva.

Men, kva gjor Gud med dei etter dei hadde gjort det dei ikkje skulle? Han sa jo dei måtte døy!

Gud tek faktisk ikkje livet av dei. Han elsker dei så utruleg høgt! Men han kler på dei skikkeleg og bestemmer at dei må gå ut av Hagen. Han set dei til å dyrke jorda utanfor på same måte som Han hadde sett dei til å dyrka jorda inne i hagen tidlegare, men no kan dei ikkje gå tilbake til hagen der dei budde før.

Sånn er det no også, dersom du gjer noko som Gud har sakt me ikkje skal gjere, så er det noko som endrar seg. Han elsker deg like mykje no som før alt skjedde og har ikkje lyst å bytta deg ut med noko som helst! Men kanskje nokon blir lei seg eller kanskje du blir lei deg, og Gud blir lei seg. Difor ønskjer Gud at du skal høyra på han og følge dei reglane han har laga.

For me har framleis ansvar for det me gjer. Kvar dag, heile tida må me velja om me vil høyra på Mammo og gjera da ho ber oss om, om me vil sei noko positivt eller negativt om nokon andre, om me seier sanninga når læraren spør om me har gjort leksene eller om me dyttar den andre spelaren på laget med vilje fordi den var plagsam.

Men ein ting ein er veldig annleis no frå då når Adam og Eva levde. Jesus hang på korset i påsken og tok med seg alle dei dårlege tinga me gjer. Alle dei tinga som gjev oss dårleg samvittigheit, og alle dei tinga som Gud har sakt i dei ti bod me ikkje skal gjera. Og Han døydde saman med det. Hugsar du at Gud sa at Adam og Eva eigentleg måtte døy? Gud kunne ikkje unngå det fullstendig, for frå gammalt av kan ikkje noko bli tilgjeve utan at noko døyr, men Jesus døydde i staden for. Difor kan Gud no legge synda vår bak seg. Han kan tilgje oss, og han har lyst å tilgje oss.

Kva skal me gjer då, når me har gjort noko dumt, når me har gjort noko me ikkje burde, når me har gjort imot Gud?

Sei det til Gud! Det aller, aller beste er å fortelje Gud kva du har gjort, og at du er lei deg for det. Nokon gongar er det veldig viktig at du går og seier unnskyld til den du var dum mot også. Nokon gongar veit ein ikkje kva som eigentleg gjekk gale, men ein har så dårleg samvittigheit likevel. Då kan du spørja Gud om han kan hjelpe deg å finna det ut.

Når du har bedt om tilgjeving frå Gud, så legg han det bak seg, og Han kjem ikkje til å ta det opp igjen. Du treng ikkje skamma deg eller vera lei deg lengre. I Salme 32,1-6 står det fritt gjenfortalt: Lykkeleg er den som har fått tilgitt det gale den har gjort. Og lykkeleg, er den som Gud ikkje reknar som skyldig. (Originalt: Salig er den som har fått sine overtredelser tilgitt og sin synd skjult. Salig er den som Gud ikkje tilrekner skyld.)

Ein ting me må hugsa på er at det er forskjell på Gud og på menneskjer. Det er ikkje sikkert at menneskjer klarar å tilgje deg med ein gong, og, kanskje ikkje me klarar å tilgje andre så lett. Er det noko (eller nokon) som du tenkjer på når eg seier dette, kanskje du skal snakke med nokon du stolar på. Mamma, Pappa, Pastor Tom eller ein god venn.

Så, kva er det synd er for noko?

(1) Det er å vere skuldig til Gud. (2) På grunn av at Jesus døydde på korset, kan Gud (3) tilgje oss og me kan bli fri.

Ressurs:

Kristendommen kjem jo frå jødene. Jesus var jøde og han kom for å oppfylle deira profetiar. Så eg lurte på kva jøder lærer om synd.

Synd i jødedommen:

Har inga lære om arvesynda og omgrepet synd er meir knytt til bevisste handlingar enn til teologiske problemstillingar. Å synde innebærer i førte rekke at man handlar mot Guds vilje ved å unnlate å oppfylle sine religiøse og menneskelege pliktar.

Det viste seg at dei ikkje lærer om arvesynda som mange kristne meiner heng igjen etter Adam og Eva. Martin Luther for eksempel meiner at når eit menneske blir født, så er det allereie skuldig, sjølv om det ikkje har gjort noko. For når Eva og Adam åt av eplet i Edens hage så gjorde dei noko som Gud hadde sakt at dei ikkje skulle gjera, og dette kallar me synd. Eg skal kome tilbake til dette.

Jødar knytt synd saman med ting du gjer med vilje mot Gud som å la være å gjere sine religiøse pliktar og menneskelege pliktar.

Metodistisk teologi:

«Nåde gjennomstrømmer vår forståelse av kristen tro og liv. Med nåde mener vi Guds betingelsesløse og kjærlige handling i menneskets liv ved den alltid nærværend Hellige Ånd.»

Metodistisk teologi byggjar også på det praktiske: erfaringsteologi og freslesteologi.

«Ved vår tro på Jesus Kristus blir vi tilgitt, forsonet med Gud og forvandlet til den nye pakts folk.»

Den forberedende nåde er noko som kjem før og som førebur vårt medvite forhold til Gud. Gud søker oss lenge før me har begynt å tenke på Gud.

For sjølv om me mennesker er blitt syndarar på grunn av syndefallet til Adam og Eva. Me har gått oss vill, vekk frå Gud, så er me ikkje forlatt av Han. Fordi Guds nåde er tilstade i alt det skapte. Gud verker i og på alle mennesker på ein slik måte at ingen mennesker er utan Gud i og over sitt liv.

I 1. Mos 3. les me om syndefallet, men dette er ikkje berre ei historie om dei moralsk svake (dei som gjer det som ikkje er rett) menneska Adam og Eva, men me les også korleis Gud ikkje snudde seg frå dei, men leiter etter menneska. Les 1.Mos 3,8-13.

Metodistar lærer heller ikkje om arvesynd altså.